



Jazza: Kvammakoret opna konserten med roleige og stemningsfulle nummer, før Hardanger Big Band fekk det til å svinga. Hovudsalen var temmeleg full av tilhøyrarar – kring 180 i talet.



Talent: Ni år gamle Bæhram spela *It's now or never* på fiolin, akkompagnert av mor Sevi Asgarova. Han hausta sterk applaus for prestasjonen.



Sjefen: Arild B. Nielsen opna kvelden med ein messingversjon av *Mitt hjerte alltid vanker*.



Kjenningar: Dei fleste kjenner nokon i Kvammakoret. Dei song mellom anna *Love Me Tender* av Elvis Presley søndag.



Jubilant: Hardanger Big Band rundar 30 år neste år. Det skal markerast, forsikrar blåsargjengen.



Dirigent: Sevi Asgarova toneset og dirigerer Kvammakoret. Terje Øvrehus syter for å bla i notane.



Solist: Kristina Drake var ei av fleire i Hardanger Big Band som prova individuell dugleik.

Jøss, for ein jazz!

SIGBJØRN LINGA
linga@hf.no

Ein miks av Elvis Presley, jul og jazz stod på menyen Kvammakoret og Hardanger Big Band baud på i Norheimsund kyrkje søndag kveld. Aktørane song og spela både kvar for seg og saman.

Konserten var resultatet av det

første samarbeidet nokosinne mellom dei to lokale musikkmasterdantane. Med seg på konsertlaget hadde dei niåringen Bæhram, som spela fiolin. Han er son til kordirigent Sevi Asgarova

Ifølgje Mali Grete N. Aksnes i Kvammakoret har samarbeidet ført til både fagleg utvikling, nye utfordringar og regelrett trivnad.